



Arijus Balciunas  
Mangersneset 31  
5936 MANGER

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 17/1765 - 18/15451

Saksbehandlar:  
Katarina Birkeland  
katarina.birkeland@radoy.kommune.no

Dato:  
09.11.2018

## Referat frå møte 23.10.2018

Møtestad: Kommunestyresalen

Møtetid: kl. 15.00-17.30

Deltok på møte	Deltok på møte
Trine Toska frå 8 A	Ingeborg Hole 1.vgs/2002
Arijus Balciunas frå 8 B	Sofie Marøy 1.vgs/2002
Ragna Fineid frå 9 A	Jakub Stasiak 1.vgs/2002
Edas Kondrotad frå 9 B	Daniel Gjelsvik Kaland 1.vgs/2002
Jone Grindheim frå 9 C	Marte Vågenes Solheim 2.vgs/2001
Emil Skjelanger frå 10 A	Mathias Sævdal Bere 1 vgs/2002
Tina Taule frå 10 B	Chris André Valdersnes Odland 1.vgs/2000
Jakub Stasiak frå 1 vgs	Steffen Vestheim Sævdal Lærling/ 2000

### Vara som deltok:

Joar Mangerøy frå 8 A	
Lulia Berhane frå 9 C	
Sunniva Brekkan frå 10 A	

### Representantar:

Tilsaman møte 16 representantar og 3 vara

**Møteleiar:** Leiar Marte Vågenes Solheim

**Ordstyrer:** Nestleiar Chris Andre Odland

**Møtte frå administrasjonen** Ungdomskoordinator Katarina Birkeland

### 35/18: Godkjenning av innkalling og referat

Innkalling og referat vart godkjent.

### **36/18: Evaluering av kafédialogen**

Representantane evaluerte kafédialogen som vart arrangert mellom politikarar og ungdomsråd i Alver 15.september. Dei var fornøyd med opplegget. Representantane var fornøyd med at politikarane hørte på meiningsane deira, viste forståing og delte gode forslag.

Representantane var ikkje einig med forslaget om å ha eit stort ungdomsråd i Alver. Representantane er redd for sentralisering av tilbod. Eit stort råd kan føre til ein nedgang av representantar som får vere aktiv engasjert. Dette synes ungdomsrådet er dumt, der mange ungdommar mister muligheita til få engasjert seg og være med i eit ungdomsråd.

Representantane likte å ha kafédialog betre enn pizza/tacodialog. Dette fordi ein kunne ete samtidig som ein prata og det vart mindre stress.

### **37/18: Fordeling av representantar i komitear: Helse, Oppvekst, samfunn og miljø, kultur, fritid og idrett.**

Representantane vart fordelt i fire ulike grupper. Det var eit ynskje frå leiar og nestleiar at gruppene skulle bestå av ungdom i ulik alder og kjønn.

Gruppene skal ta i mot uttalar innanfor sitt fagområde, jobbe med dei og ligge dei fram for dei andre i ungdomsrådet. Gruppene er sjølv ansvarlige for å sende svar på uttalelsen og ligge kontaktpersonen ved som kopimottakar sånn at alt vert arkivert.

#### **Gruppene vert delt inn sånn:**

**Samfunn og miljø:** Emil, Chris, Daniel, Trine (Trine valt til leiar for gruppa).

**Oppvekst:** Ingeborg, Vilde, Marte, Edas (Marte valt til leiar for gruppa).

**Idrett og fritid:** Jone, Steffen, Ragna, Mathias (Mathias valt til leiar leiar for gruppa).

**Helse:** Jakub, Sofie, Tina, Arijus (Jakub valt til leiar for gruppa).

### **38/18: Treningskontaktar**

Saken er flyttet til neste møte 19.november når ungdomsrådet har fått meir informasjon frå administrasjonen.

### **39/18: Sak flyttet frå sist møte: 30/18: Informasjon frå fellesnemnde**

- Marte, Steffen og Daniel informerte om kva fellesnemde er til dei nye representantane
- Fellesnemnde var deltatt på eit opplegg i Oppegård kommune på eit friluftsarrangement med namn Seek and find. Fellesnemnde planlegg å arrangere det i Alver i 2019.
- Fellesnemnde skal ha møte dagen etter og ynskjer forslag frå ungdomsrådet korleis dei ynskjer at strukturen på ungdomsrådet skal vere i Alver.  
Fleirtalet i ungdomsrådet ynskja ikkje eit stort ungdomsråd, som nemnt tidligare er dei redd for sentralisering og færre aktive ungdomar. Representantane er redd for at lang reisetid til møte vil føre til at interessa for å sitte i ungdomsrådet går ned, og at ungdomsrådet ikkje vert sett saman av ungdom med ulike interesser. Ungdomsrådet i Radøy består av ungdom med ulik bakgrunn, kultur og bustad. Ungdomsrådet består av både uorganisert og organisert ungdom og på denne måten kan det verte lettare å arbeide for at alle barn og unge sine interesser vert høyrt.  
Ungdomsrådet foreslår tre mindre råd som utarbeider saker, og at det vert satt saman eit utval frå dei tre råda som møtes.

#### **40/18: Uttale: søknad frå Hordabø skulemusikklag**

Hordabø skulemusikklag søker kulturmidlar til showet norsk på norsk i Hordabøhallen. Ungdomsrådet diskuterte saken og foreslår kr 7000,- frå kulturmidlane. Marte sender e-post til kulturkonsulenten om dette.

Heile ungdomsrådet stemte for kr 7000,-

#### **41/18: Motivasjon og organisatorpris**

Ungdomsrådet har saman med ei bedrift dei to siste åra to ungdomar som vert tildelt motivasjon og organisator pris i kommunen for innsatsen i lokalmiljøet.

Ungdomsrådet ynskjer å dele to nye priser ut på helter og skurkers familiedag søndag 16.desember.

##### **Det vert valt ein komité som skal arbeide med å:**

- Skaffe ei ny bedrift som samarbeidspartner og sponsor
- Få ut informasjon om prisane
- Plukke ut vinnarane
- Komiteen vart: Mathias, Sofie, Arijus, Emil og Marte. Vert ein av dei i komiteen nominert overtar Steffen plassen og går inn i komiteen.

#### **42/18: Ymse**

##### **-Postkassen**

Det vart hengt opp ein postkasse på Radøy ungdomsskule våren 2018. Tina vert ansvarlig for postkassen i 2018/2019. Ho sjekkar opp i kode/hengelås til postkassen, informerer om postkassen i klassane og hentar brev før møtene.

##### **-Mot til å glede dagen- bordtennisturnering**

Ungdomsklubben arrangerer bordtennisturnering med Tommy Urhaug 22.november. Ungdomsrådet vert med som medarrangørar. Klubben feirar Mot til å glede dagen som er 23.november.

Representantar som er med å lage klart frå kl. 16.30, står i kiosken og ryddar kl. 20.00 er:  
Edas, Arijus, Daniel, Chris, Ingeborg, Mathias, Trine og Joar.

##### **-Facebook ansvarlig**

Daniel vart valt som facebook ansvarlig.

##### **- Forventningar til å sitte i ungdomsrådet**

Leiar ynskja at ungdomsrådet skulle diskutere forventningane til representantar til å sitte i ungdomsrådet 2018/2019. Forventningane er knytt til møta, oppgåver til styret og til kvar enkel. Ungdomsrådet vart delt inn i dei i fire gruppene. Representantane svarte:

- Forventar at alle er seriøse, stiller opp på møte, er aktive og engasjerer seg.
- Forventar god og variert mat på møta.
- Ynskjer ei ny storsamling for ungdomsrådet
- Ynskjer å vere med å endre og forbetre busstilbodet i kommunen
- Vere med å skape og utvikle den nye kommunen Alver og ungdomstilboda der.
- Alle representantane gjer beskjed visst dei ikkje kan delta. Vara må huske å gje beskjed visst dei deltar. Dette gjeldt visst representanten ein er vara for også deltar. Dette på grunn av matbestilling på møte.

- Holde seg til tema, respektere kvarandre, lytte til kvarandre og sjå fleire sider av saker som kjem inn.
- Alle snakkar på vegne av barn og unge og arbeide for at unge sin stemme skal bli høyrt.

### **Gratis hall leige i Radøyhallen**

Det er komet inn ein høyring om gratis hall leige til lag og organisasjonar i kommunen i Radøyhallen. Dette gjeldt tilbod som går til barn og unge knytt opp til treningar, kamper og cuper som står i terminen. Saken gjeld både hallen og symjebassenget.

Representantane er semde om dette er eit godt tilbod, som kan føre til meir aktivitet. Ungdomsrådet er opptatt av at alle skal ha muligheita til å delta og at det ikkje skal vere for dyrt å betale kontingennt for å delta i ein organisert aktivitet. Ungdomsrådet håpar at med å få gratis hall leie i Radøyhallen, kan føre til at nokre av kontingentane vert senka sånn at det vert enklare for barn og unge å delta.

Mathias utarbeider eit svar og sender til kulturkonsulenten og til kontaktpersonen.

### **Kommunestyremøte:**

Mathias deltok som representant frå ungdomsrådet på kommunestyremøte. Han gjekk igjennom kva som vart tatt opp på kommunestyremøte. Områdeplan for skulen på Bø og felles barnevern i Alver.

### **-Julebord**

Det vert satt saman ein komité som skal arrangere julebord for ungdomsrådet. Det vert: Ragna, Trine, Daniel, Mathias, Edas, Tina

### **Med helsing**

Katarina Birkeland  
ungdomskoordinator

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Amalie Færøy Hiort Lorenzen	Hannesvegen 5	5936	MANGER
Arijus Balciunas	Mangersneset 31	5936	MANGER
Carly Simone Løvseth	Radøyvegen 1921	5936	MANGER
Chris Andre Odland		5939	SLETTA
Daniel Gjelsvik Kaland			
Edas Kondrotad	Radøyvegen 2574	5937	BØVÅGEN
Emil Skjellanger		5936	MANGER
Ingeborg Hole			
Jakub Stasiak			
Joar Mangerøy	Huldredalen 2	5936	MANGER
Jone Grindheim	Huldredalen9	5936	MANGER
Lily May Farrow	Radøyvegen 975	5938	SÆBØVÅGEN
Lulia Berhane	Toskavegen 521	5936	MANGER
Marte Vågenes Solheim			
Mathias Sævdal Bere			
Ragna Fineid	Toskavegen 521	5936	MANGER
Sofie Marøy			
Steffen Vestheim Sævdal			
Sunniva Brekkan	Øvre Mjøs 11	5939	SLETTA
Tina Taule		5938	SÆBØVÅGEN
Trine Toska	Toskavegen 595		
Vilde Kvamme		5938	SÆBØVÅGEN